

Gulen kontrollutval

SEKOM-sekretariat

MØTEBOK

Møtedato: 20.01.2015

Møtetid:

Kl. 10:15 – 12:00

Møtestad: Gulen kommunehus, rådsalen

	Faste medlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Finn Johansen, leiar	X		
2	Erna Kjelby, nestleiar	X		
3	Jarle Nordgulen	X		
	Varamedlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Gjert Knarvik			
2	John Vatnøy			
3	Bjørn K Hjartholm			
4	Åse L Vatne			
	Andre som møtte			
	SEKOM-sekretariat ved Audhild Ragni Vie Alme			
	Rådmann Reidun Halland i sakene 003-004/15			
	KRYSS Revisjon v/Stig Årdal i sak 003/15.			

Sak nr.

Sakstittel

001/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/15	Skriv og meldingar 20.1.2015
003/15	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Korrekt handsaming av di sak
004/15	Reglement for Gulen kontrollutval med reglement for høyring
005/15	Årsmelding 2014 - Gulen kontrollutval
006/15	Møteplan 2015 for Gulen kontrollutval
007/15	Oppfølgingsliste 1-2015
008/15	Eventuelt

Underskrifter:

Finn Johansen, leiar

Erna Kjelby

Jarle Nordgulen

SEKOM-sekretariat
v/ Audhild Ragni Vie Alme

001/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Gulen kontrollutval 20.01.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GUL-001/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

002/15: Skriv og meldingar 20.1.2015

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

Handsaming i Gulen kontrollutval 20.01.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GUL-002/15 Vedtak:

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

003/15: Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Korrekt handsaming av di sak

Tilråding:

(Saka går vidare til kommunestyret).

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport «Korrekt handsaming av di sak» datert 5.1.2015 til orientering.
2. Kommunestyret ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet for å sikre at Gulen kommune held fristar i forvaltningslova i forhold til sakshandsaming, førebels svar og informasjon om rett til innsyn.
3. Kommunestyret ber rådmannen vurdere om meir aktiv bruk av førehandskonferanse kan betre informasjonen ved handsaming av søknad om tiltak.
4. Rådmannen informerer kontrollutvalet innan 15.9.2015 om kva som er gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

Handsaming i Gulen kontrollutval 20.01.2015:

KRYSS Revisjon v/Stig Årdal møtte og gjekk gjennom forvaltningsrevisjonsrapporten for «Korrekt handsaming av di sak». Rådmannen møtte og ga sine kommentarar til rapporten.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GUL-003/15 Vedtak:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport «Korrekt handsaming av di sak» datert 5.1.2015 til orientering.
2. Kommunestyret ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet for å sikre at Gulen kommune held fristar i forvaltningslova i forhold til sakshandsaming, førebels svar og informasjon om rett til innsyn.
3. Kommunestyret ber rådmannen vurdere om meir aktiv bruk av førehandskonferanse kan betre informasjonen ved handsaming av søknad om tiltak.
4. Rådmannen informerer kontrollutvalet innan 15.9.2015 om kva som er gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

004/15: Reglement for Gulen kontrollutval med reglement for høyring

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

1. Framlegg til reglement for Gulen kontrollutval datert 13.1.2015, vert vedteke.
2. Framlegg til reglement for høyringar i Gulen kontrollutval datert 13.1.2015, vert vedteke.

Handsaming i Gulen kontrollutval 20.01.2015:

Kontrollutvalet ser det ikkje som nødvendig med reglement for høyring i Gulen kontrollutval.

Nytt framlegg til vedtak:

1. Framlegg til reglement for Gulen kontrollutval datert 13.1.2015, vert vedteke.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

GUL-004/15 Vedtak:

1. Framlegg til reglement for Gulen kontrollutval datert 13.1.2015, vert vedteke.

005/15: Årsmelding 2014 - Gulen kontrollutval

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Årsmelding 2014 frå Gulen kontrollutvalet vert godkjent.

Handsaming i Gulen kontrollutval 20.01.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GUL-005/15 Vedtak:

Årsmelding 2014 frå Gulen kontrollutvalet vert godkjent.

006/15: Møteplan 2015 for Gulen kontrollutval

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Møteplan 2015 for Gulen kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar:
20. januar, 4. mai, 2. september og 20. november.

Handsaming i Gulen kontrollutval 20.01.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GUL-006/15 Vedtak:

Møteplan 2015 for Gulen kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar:
20. januar, 4. mai, 2. september og 20. november.

007/15: Oppfølgingsliste 1-2015

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Gulen kontrollutval 20.01.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GUL-007/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

008/15: Eventuelt

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Gulen kontrollutval 20.01.2015:

Det vart ikkje teke opp noko under eventuelt.

GUL-008/15 Vedtak: